



OMFRAMT ÅRSMØTE I NFD Drammen | 20.-22. november



I samband med omorganiseringa av folkemusikkfeltet, har styret i NFD vedtatt å arrangere omframt årsmøte i NFD. Sakspapir til møtet vil verte sendt ut ein måned før møtet. Same helg vil det òg verte skipingsmøte for ein ny organisasjon.

I tillegg vert det lansering av Årbok for norsk folkemusikk 2009, samt konsertar og seminar. Sett av helga no - 20.-22. November. [Les meir](#)

// [Høyringsvar frå Halvard Kaasa](#)

Yrkesutøvarane i ein ny organisasjon Seminar på Folkelarm

Laurdag 19. september arrangerte NFD seminar om yrkesutøvarane i ein ny organisasjon. Representantar frå MFO og Norsk Jazzforum var representert på møtet, som var både informativt og konstruktivt. [Les meir](#).

Norsk Folkemusikkformidling Fleire prosjekt i haust

Ny PROMO-cd
Ein ny promoterings-cd med folkemusikk er i produksjon og vil bli lansert på bransjetreffet Womex i oktober. [Les meir](#)

Norwegian Tapas
Turné med norske folkemusikarar i Belgia i november. [Les meir](#)

Spotlight Norway 2010
Norsk fokus på bransjetreffet Showcase Scotland i januar 2010. Seks norske artistar er vald ut til å spele på bransjetreffet. [Les meir](#).

Nordisk Scene på Womex
Fleire norske utøvarar vil vere representert på bransjetreffet Womex, som i år går føre seg i København. [Les meir](#)

Nettportalen er etablert www.folkemusikk.no

Folkemusikk.no er ein felles portal for folkemusikk i Noreg. Den nye nettportalen erstattar organisasjonane sine tidlegare heimesider, og skal fungere som ein samlingsstad for informasjon på folkemusikkfeltet. [Les meir](#).

Kim André vann! Årets unge folkemusikar

Kvedaren Kim André Rysstad vann finalen i INTRO-folk 09 og er årets unge folkemusikar. Finalen gjekk av stabelen på Nordsjøfestivalen i Farsund i slutten av august. Rysstad får no eit skreddarsydd lanseringsprogram i regi av Rikskonsertane. [Les meir](#).

NFD-seminar i haust Folk på MiR | Oslo

I samband med konsertserien Folk på MiR i Oslo, vil NFD arrangere to seminar i haust. Eit torsdag 8. oktober, og eit torsdag 19. november. Meir info om tema for seminara kjem på www.folkemusikk.no

--- DIVERSE

:: Æresmedlem Hauk Buen får stipend for eldre fortente kunstnarar – [les meir](#)

:: Ny nettportal for hardingfeler – [les meir](#)

:: Høyring om Rikskonsertane si verksemd – [les meir](#)

:: Rapport om instrumentbygging – [les meir](#)

(www.folkemusikk.no)

--- PRAKTISK INFO

Ny adresse
NFD har flytta, og ny adresse er:
Norsk Folkemusikk- og Danselag
Postboks 4613
0506 OSLO

Besøksadresse:
Trondheimsveien 2, Bygg J
0560 OSLO (Schouskvartalet)

Om administrasjonen
Lene Furuli er tilsett som dagleg leiar i NFD. [Les meir](#)



NORSK FOLKEMUSIKK- OG DANSELAG
Postboks 4613, Sofienberg, 0506 OSLO
Besøksadresse: Trondheimsveien 2
E-post: nfd@folkemusikk.no
Telefon: 22 00 56 90
www.folkemusikk.no

OM KVINTEN

Kvinten inneheld nytt om Norsk Folkemusikk- og Danselag sitt arbeid. Om du ikkje lenger ynskjer å abonnere på Kvinten, kan du avbestille [her](#).



20. - 22.NOVEMBER

Viktig årsmøtehelg i Drammen

Årsmøte i LFS, omframtr årsmøte i NFD og skipingsmøte for ein ny organisasjon står på agendaen denne helga.

Programmet for helga er følgjande:

- Årsmøte i Landslaget for Spelemenn (Lfs)
- Omframtr årsmøte i Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD)
- Samanslutning av NFD og LFS til ein ny felles organisasjon for folkemusikk og folkedans i Noreg.

I tillegg vert det konsertar, seminar, dans og lansering av Årbok for norsk folkemusikk 2009.

Sakspapir

Eit førebels prinsipp- og arbeidsprogram samt vedtekter for den nye organisasjonen vil verte publisert på www.folkemusikk.no seinast 6. oktober. Organisasjonane oppmodar alle til å kome med innspel på desse dokumenta når dei vert publisert. Endelege sakspapir til årsmøta og skipingsmøtet vil verte sendt ut til lag og medlemmer ein månad i førekant av årsmøta.

Delta i demokratiet!

Vedtaka denne helga er viktig for den vidare utvikling på folkemusikk- og dansefeltet i Noreg. Det er difor viktig at folk møter opp og deltek i dei demokratiske prosessane i organisasjonane. Sett av helga allereie no - 20.-22. november i Drammen! Meir informasjon om tid, stad og program kjem på www.folkemusikk.no, og i innkallinga til årsmøtehelga.

NB – TA KONTAKT!

NFD oppmodar alle som har konkrete idear, innspel eller kommentar i samband med etableringa av ein ny organisasjon om å ta kontakt med NFD sine representantar i organisasjonskomiteen.

Åshild Vetrhus, aashild_vetrhus@hotmail.com, 97 50 34 63,

Arnfinn Bjerkestrand, slowpoke@live.no, 91 68 42 81

Du kan også ta ein tur innom NFD-kontoret i Trondheimsveien 2, eller ta kontakt på tlf: 22 00 56 90, eller nfd@folkemusikk.no

Høyringsinnlegg i organisasjonsdebatten

Syner til LfS og NFD sitt høyringsnotat, og til spelemannsbladet nr 4 der Åshild Vetrhus og Nils Øyvind Bergset skriv: "Ingen vedtak er fatta enno", og dei inviterer til ein open debatt.

Bodskapan i høyringsnotatet er annleis: Det strategisk viktigaste vedtaket er gjort. Det står att nokre indremedisinske avgjerder og styra i LfS og NFD ber om innspel til fire punkt; 1) Individuell medlemskap, 2) Yrkesutøvarane sine rettar, 3) Områdelag, 4) Heidersmedlemskap. Diskusjonen rundt korleis ein skal organisere folkemusikkarbeidet for å nå fram med organisasjonspolitikken får ikkje plass. Rett nok skriv leiarane i LfS og NFD at ein trur at ein ved å danne **ein** organisasjon skal oppnå betre resultat enn i dag. Trua er ikkje underbygd med analyser på bakgrunn av dagens politiske status, og er heller ikkje grunngjeve med argumentasjon der ein tek fram føremøner og ulemper med å ha ein organisasjon i staden for to. Og, kvifor omfattar ein gjennomgang av feltet ikkje alle organisasjonane?

At det nå går mot ein organisasjon som erstattar LfS og NFD med samrøystes vedtak i LfS årsmøtet og stor usemje i årsmøtet til NFD tyder på at denne debatten er dårleg handtert i NFD. Eller kan det vera at prosessen er styrt av nokre som vil NFD til livs? For i NFD gjeld det å presse gjennom vedtaket. Dette er ikkje heldig for norsk folkemusikkpolitikk. Kom med argumenta og la oss få vurdere fordelar og ulemper, det bør ein kunne krevje. Kor er openheita Åshild?

Å spørje om innspel til fire punkt og dernest å gå direkte på vedtektene slik det er gjort i høyringsnotatet opnar ikkje for organisasjonsdebatt. Ein kan tvert om få inntrykk av at målet er å få det slik makta vil ha det, ikkje å høyre kva medlemene meiner. Å tvinge gjennom **ein** organisasjon er ein måte å jaga vekk dei brysame på.

Eg synest det er trist at folkemusikkmiljøet ikkje har lært at denne metoden ikkje fører noko godt med seg. Det var fleire organisasjonar som sprakk grunna denne framferda på 1970 og 80 talet, vi treng ikkje fleire slike rundar. Kva er grunnen til at ein ikkje vil høyre på dei som meiner noko anna ?

Gode folkemusikkvener ! det er råd å ta eit steg attende og å gjera dette slik at dei som har sett i gang prosessen kan stå med rak rygg i framtida.

Om organisasjonsmodellen

Intensjonane synest vera gode og ein freistar å ta nokre omsyn som skal møte nokre av utfordringane.

Mi hovudinnvending er at denne type organisasjon ikkje er laga for 2010 og framover. Det kan vera ein grei organisasjonsstruktur for ein fagforeining der kjøtvekta er avgjerande. I dagens frivillige kulturarbeid teller kjøtvekta lite i forhold til gode idear og gode samarbeidspartar. For meg ser modellen ut som ein hybrid mellom MFO og LfS som blir ein tungrodd organisasjon med eit sentralt maktapparat. Det er grunn til å vera redd for at denne gamaldagse organisasjonsforma kjem til å føre vidare sentralismen som LfS har slite med samstundes som den ikkje gjev rom for det som NFD hadde som fordel, nemleg ubyråkratisk arbeidsform. Om ein vel ein slik topptung organisasjon som gjev einskildmedlemer svært liten medverknad vel ein og samstundes bort mange eldsjeler og kreative innspel, det har vi ikkje råd til.

Ein bratt modell er sikkert interessant for dei som vil søke makt og sitja på toppen av ein stor organisasjon. Men, ein stor og bratt organisasjon er passiviserande i sin natur. Dette slit ein også med i næringslivet.

Med ambisiøse mål vil vi nå langt om vi etablerte tre organisasjonar med spesifikke mål i staden for to som nå. Da med arbeidsoppgåver som fell på plass med utgangspunkt i det LfS og NFD synes å meine at denne eine organisasjonen skal ta seg av.

Viktigaste er det at den **eine** organisasjon ikkje kjem til å klare å løfte alle dei til dels sprikande arbeidsoppgåvene. Vi bør sjå på kva som er kjerneaktivitet og kva som kan reindyrkast i kvar organisasjon for å bli best. Dernest er det viktig å ha fleire bein å stå på, mange styre i arbeid og å la mange koma til med sine idear. Det er resepten i konkurransesamfunnet om vi likar det eller ikkje.

Kvifor ikkje tenke litt nytt? Kanskje det vil vera klokt å splitte opp organisasjonsarbeidet enda meir enn til 3 organisasjonar. Kva med alle særлага, kva slag rolle kan dei spela i ein større samanheng? Eg er overtydd om at

mange organisasjonar gjev større politisk slagkraft enn ein stor. Like overtydd er eg om at å redusere organisasjonsmangfaldet betyr redusert innsats for folkemusikken.

Vi er ikkje eit politisk parti som vil revolusjon, men ei samling frivillige interesserte som ønskjer alt godt for våre levande kulturtradisjonar. Det bør derfor vera positive diskusjonar vi opplever, diskusjonar som peikar fram mot den beste vegen å gå. Den vegen er tufta på kunnskap og gode analyser.

Det er klokt å tenke seg grundig om. Trekk inn garva organisasjonsfolk i diskusjonane og lær av miljøørsla. Vi treng framtidsretta strategiar, og det hadde vore moro å skape ein struktur som har både sprengkraft, er nytenkande og som klarar å legge premissane i kulturdebatten.

Halvard Kaasa

NFD-SEMINAR PÅ FOLKELARM

Yrkesutøvarane i ein ny folkemusikkorganisasjon

Ein open og romsleg organisasjon og ei sterkare synleggjering av folkemusikken var nokre av synspunkta som kom fram då NFD arrangerte seminar om yrkesutøvarane i ein ny organisasjon.

Om lag 15 personar hadde sett av tid til seminaret i ei hektisk Folkelarm-helg. Renée Rasmussen, forbundsleiar i Musikernes Fellesorganisasjon (MfO) og Håkon Kornstad, styremedlem i Norsk Jazzforum saman med styreleiar i NFD Åshild Vetrhus, innleidde til ei informativt og positivt møte.

Musikar Håkon Kornstad fortalte om sin bakgrunn som musikar, prosessane som førde til etableringa av Norsk Jazzforum, samt nokre av dei prosjekta som han har hatt nytte av frå organisasjon. Kornstad presiserte at det er viktig for musikarane at organisasjonen er open og synleg slik at utøvarane og medlemene veit kva organisasjonen arbeider med, og korleis dei kan ha nytte av organisasjonen.

Vidare snakka styreleiar Åshild Vetrhus om organisasjonsprosessen til no. Med utgangspunkt i framlegget til vedtekter og yrkesutøvarane sin posisjon i dette, trakk ho opp ei rekke problemstillingar knytt til yrkesutøvarane;

Kva er ein yrkesutøvar, og kva skil desse frå andre utøvarar? Kva for særskilte behov har desse? Og kva forventningar hadde ein til ein ny organisasjon?

Fleire meinte at alle som sjølv reknar seg som ein utøvar må få vere med i ei eventuell gruppe eller forum for yrkesutøvarar i ein ny organisasjon. Det var òg eit samla ønske om at organisasjonen må vere open og romsleg, og at ei viktig gruppe som musikk- og dansepedagogane òg må inkluderast i organisasjonen.

I samband med arbeidet for yrkesutøvarane, meinte fleire det var viktig å trekke klare skiljeliner mellom utøvarorganisasjonen og fagforeningar, og definere kva for sjangerspesifikke behov målgruppa har. Vidare vart det uttrykt eit ønske om at organisasjonen skulle bidra til ei sterkare synleggjering av folkemusikken og folkedansen både i media og generelt i samfunnet. Enkelte ønskte også at organisasjonen skulle bidra med promotering og marknadsføring.

Organisasjonskomiteen og styremedlemmene som var til stades på møtet fekk gode innspel til det vidare arbeidet med vedtekter og prinsipp- og arbeidsprogram.





INTRO-FOLK 2009

Kim André Rysstad vann!

Kvedaren Kim André Rysstad vann finalen i INTRO-folk 2009 på Nordsjøfestivalen i Farsund laurdag 29. August

På Nordsjøfestivalen i Farsund kunne endeleg INTRO-folk sin juryleiar, og direktør i Rikskonsertane, Åse Kleveland, utrope kvedaren Kim André Rysstad (28) til Årets unge folkemusikar 2009.

- Kim André Rysstad er tro mot tradisjonen samtidig som vi opplever en tydelig ambisjon om å utvikle og utvide denne. Vi er overbevist om at denne unge kvederen bærer i seg muligheten til å utvikle et særegent uttrykk preget av sin personlige fortellerevne, tilstedeværelse og musikalitet. Han har et uttrykk som både vil berøre og begeistre mange i årene som kommer, uttalte juryen som denne kvelden var Steinar Ofsdal, Unni Løvlid, Gunhild Tømmerås og juryleiar Åse Kleveland.

Som vinnar av INTRO-folk 2009 får Kim André Rysstad eit skreddarsydd lanseringsprogram i regi av Rikskonsertane. Programmet vil mellom anna innehalde konsertar på lanseringsfestivalane i INTRO-folk, turné i Norge, samt ulike profilerings og promoteringstiltak.

WWW.FOLKEMUSIKK.NO

Ny nettportal for folkemusikk

NFD og LfS har lansert ein ny nettportal for folkemusikk i Noreg, som samlar organisasjonane sine tidlegare heimesider.

www.folkemusikk.no er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn. Portalen er basert på dei to organisasjonane sine tidlegare heimesider, og samlar informasjonen som til no har vore på desse sidene til éin portal. Målet er at portalen skal fungere som ein samlingsstad og møteplass for alle aktørane innan folkemusikk og -dans i Noreg.

På dei nye sidene finn du mellom anna nytt om folkemusikk og -dans, utøvar katalog, oversikt over dei fleste aktørane innan folkemusikk i Noreg, samt nytt frå organisasjonane og prosjekta dei driv. Portalen har ei norsk side, knytt til aktivitet innan folkemusikk og -dans i Noreg, og ei internasjonal side knytt til norske folkemusikarar og -dansarar sin aktivitet internasjonalt.

Me håper du vil ha god nytte av den nye portalen – www.folkemusikk.no !



SPOTLIGHT NORWAY 2010

Norske artistar til Showcase Scotland

Seks norske artistar er plukka ut til å gjere showcase på bransjetreffet Showcase Scotland januar 2010. Artistane er Gjermund Larsen Trio, Unni Boksasp Ensemble, Synnøve S. Bjørset, Majorstuen, Valkyrien Allstars og Skaidi.

Søknadsfristen for prosjektet gjekk ut 16. mars, og heile 90 artistar melde si interesse for å delta på bransjetreffet. Ein fagjury med Hilde Bjørkum, Ola K. Berge og Fiona Talkington valte ut 20 aktuelle artistar på grunnlag av søknadane. Dette utvalet vart sendt over til Celtic Connections som gjorde det endelege utvalet

Showcase Scotland er ein del av den skotske festivalen Celtic Connections, og har kvart år eit eige gjesteland på festivalen. I 2010 vil fokuset vere på Noreg. I løpet av festivalen vil kvar showcaseartist spele minst ein konsert kvar.

- Dette er ein unik sjanse for dei norske utøvarane til å vise seg fram på ein av dei verkeleg store internasjonale arenaene, og til å knytte til seg verdifulle kontaktar. Vi håpar at deltaking på Showcase Scotland kan bidra til å gje norske artistar fleire speleoppdrag internasjonalt, seier Silje Førland Erdal i Norsk folkemusikkformidling.

Spotlight Norway går føre seg i Glasgow 28.- 31. januar 2010, og er eit samarbeid mellom Norsk folkemusikkformidling, Den norske ambassaden i London og Music Export Norway (MEN).

NORSK FOLKEMUSIKKFORMIDLING

Ny promo-cd

Ein ny promoterings-cd med folkemusikk er i produksjon og vil bli lansert på bransjetreffet Womex i København i oktober.

Music Export Norway (MEN) og Norsk folkemusikkformidling (NFF) samarbeider om å gje ut ein ny CD-samplar i sjangeren tradisjons- og verdsmusikk (*Norway Traditional and World*). Pågangen på dei tidlegare utgjevingane i serien har vore stor, spesielt frå internasjonal radio og andre media. Juryen som har valt ut spor til CDen har vore: Jan Lothe Eriksen (Riksscenen) | Guttorm Andreasen (DJ 99) | Anne Moberg (Rikskonsertene) | Sigbjørn Nedland (NRK) | Ragnhild Dalheim Eriksen (Riddu Riddu) | Ingunn S. Lie (NM i folkemusikk). Artistane som er valt ut er:

ABDULRAHMAN SURIZEHI | BECAYE AW | CARL HAAKON WAADELAND | DANIEL SANDÉN-WARG | ELISABETH VATN | GILGAMESH | GJERMUND LARSEN TRIO | JOHAN SARA JR. | KARL SEGLEM | KIM ANDRE RYSSTAD | OLAV LUKSENGARD MJELVA | RAGNHILD FUREBOTTEN & TORE BRUVOLL | SIGRID MOLDESTAD | SIGURD BROKKE | SKAIDI | SYNNOVE S. BJØRSET | TASSILI | UNNI LØVLID VALKYRIEN ALLSTARS | WARG / BUEN

Norwegian Tapas

Belgium // Tour // 2009 //

NORWEGIAN TAPAS

Turnésamarbeid i Belgia

Norwegian Tapas er ein årleg turné med norske musikarar i Belgia, og er eit samarbeid mellom Norsk folkemusikkformidling og turnénettverket Toerne Mondial i Belgia. Turneen vert arrangert for fyrste gong i november 2009, med artistane Jorun Marie Kvernberg (solo), Gjermund Larsen Trio, Bruvoll/Halvorsen på programmet.

”Norwegian Tapas” er meint å vere eit verktøy som skal gje norske musikarar høve til å turnere ute, og skal bidra til å bringe norsk musikk til eit belgisk publikum som sjeldan vert eksponert for skandinavisk musikk. Målet er å arrangere ein årleg “Norwegian Tapas”-turné, og på sikt utvide turneen til å inkludere Belgia sine naboland. Utvalet av artistar vil i hovudsak skje med utgangspunkt i artistane som spelar på Folkelarm i Oslo.



WOMEX 2009

Unni Løvlid og Johan Sara jr. Group på Nordisk Scene

Womex vil frå 2009 til 2011 bli arrangert i København. Utover dei ordinære showcase-scenene vil det i 2009 bli etablert ei scene spesielt dedikert til nordisk roots/trad - musikk. To artistar/grupper frå kvart av dei nordiske landa har blitt invitert til å spele.

Womex er den største årlege messa for verdsmusikk og folkemusikk der bransjefolk og artistar frå heile verda møtast. Norsk folkemusikkformidling har vore representert på messa gjennom fleire år for å profilere norsk musikk. Norsk folkemusikk held ein høg kvalitet og etterspurnaden etter artistar i denne sjangeren har vorte større.

Det er spesielt gledeleg at det i år vert etablert ei eiga nordisk scene under Womex. Søknadsfristen for å melde seg til denne gjekk ut 15. april og juryar i alle dei nordiske landa, samt ein Womex-jury, har jobba med å velje ut artistar. Frå Noreg søkte 24 artistar. Av desse vart Unni Løvlid Ensemble og Johan Sara jr valt ut.



ADMINISTRASJONEN I NFD

Ny dagleg leiar og nye lokale

I løpet av sommaren har Norsk Folkemusikk- og Danselag fått nye lokale og ny dagleg leiar. Lene Furuli er no tilsett som dagleg leiar i organisasjonen.

Etter eit halvt år i Colombia for FN-organisasjonen OCHA - Office for the Coordination of Humanitarian Affairs, er Lene Furuli tilbake i arbeid for Norsk Folkemusikk- og Danselag. Furuli har tidlegare arbeidd med artistprofilering og –formidling gjennom Norsk folkemusikkformidling, men no går ho over i stillinga som dagleg leiar i Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD). Administrasjonen i NFD er no slik:

LENE FURULI | dagleg leiar i Norsk Folkemusikk- og Danselag

Lene har ansvaret for NFD si daglege drift og jobbar med å følgje opp styret, kulturpolitisk arbeid m.a gjennom Samstemt, samt omorganiseringa av folkemusikkfeltet med meir.

lene@folkemusikk.no – tlf: 22 00 56 90

SILJE FØRLAND ERDAL | rådgjevar i Norsk folkemusikkformidling

Silje har ansvaret for profilering og formidling av norsk folkemusikk internasjonalt, og jobbar med prosjekt som mellom anna Spotlight Norway på bransjetreffet Showcase Scotland, Norwegian Tapas – turnésamarbeid i Belgia. Silje er også nettansvarleg for den internasjonale delen av www.folkemusikk.no.

silje@folkemusikk.no – tlf: 22 00 56 93

EIVIND KAASIN | informasjonsrådgjevar

Eivind arbeider med utvikling og oppdatering av den nye nettportalen www.folkemusikk.no, Kvinten, Årbok for norsk folkemusikk, Norsk folkemusikkatalog, samt andre kommunikasjons- og informasjonsrelatererte oppgåver.

eivind@folkemusikk.no – tlf: 22 00 56 94

NY BESØKS- OG POSTADRESSE

I sommar har NFD flytta frå Kirkegata 20, til førebels lokale i Schouskvartalet. Ny besøksadresse er: Trondheimsveien 2. Organisasjonen har også fått ny postadresse:

Norsk Folkemusikk- og Danselag Postboks 4613, Sofienberg 0506 OSLO

Vi ber om at alle kontakter endrar adressa vår.